

Årsmelding for 2020 frå gruppa ‘Kvinner i krig, på flukt og som flyktninger’.

IKFF si ressursgruppe ‘Kvinner i krig, på flukt og som flyktninger’ vart etablert hausten 2019. Med gruppa i dag er Kari Nes, Berit Aasen, Britt Schumann, Devi Pandey, Gunhild Andersen, Audgunn Oltedal. Eli Hindenes var med i gruppa fram til desember 2020.

Gruppa arbeider på to område;

- vere med og realisere FN-resolusjonen 1325 om kvinner, fred og tryggleik, og
- arbeide for human flyktningpolitikk og trygg migrasjon.

I krig og på flukt er kvinner både offer og ressurs. Begge perspektiv er sentrale i vårt arbeid.

I 2020 har vi arbeidd på ulike måtar og deltatt i ulike organisasjonar.

Norsk Forum 1325

Når det gjeld FN-resolusjonen 1325, deltok Britt Schumann og Berit Aasen for IKFF i Norsk Forum 1325 . Fylgjande rapport er sendt IKFF sentralt:

Deltagelse i Norsk Forum1325 2020/2021

Brit Schumann og Berit Aasen

Oslo 5. februar 2021

IKFF har vært representert ved Brit Schumann og Berit Aasen, begge fra IKFF-Viken (Oslo), i Norsk Forum1325 fra landsmøtet 2020 til landsmøtet 2021. de er begge innstilt på å fortsette med oppgaven.

2020 var et aktivt år med 20 års jubileum for Sikkerhetsresolusjon 1325. IKFF deltok i en arbeidsgruppe i Forumet for å utvikle seminarer i regi av enkelte medlemsorganisasjoner i Forumet, med vekt på lokale partneres erfaringer. Seminarene ble avholdt i oktober 2020.

Aasen samarbeidet med en rekke organisasjoner for å utvikle en kronikk om SC1325 og jubileet, med vekt på kvinner som fredsmeklere og lokale initiativ som må ivaretas. Kronikken ble publisert i Bistandsaktuelt 23. november 2020 <https://www.bistandsaktuelt.no/arkiv-kommentarer/2020/sivilsamfunnets-rolle-i-arbeid-med-kvinner-fred-og-sikkerhet/> .

Norge har nå plass i Sikkerhetsrådet fra 2021-2023. I den anledning er det satt ned en arbeidsgruppe, hvor IKFF deltar for å ha kontakt med UD og følge arbeidet i Sikkerhetsrådet. Planer 2021 og framover.

Erfaringene fra SR1325-arbeidet i 2020/2021 er at vi behøver å ha et nærmere samarbeid med WILPF sentralt og med aktuelle nasjonale WILPF-avdelinger. Det ville også være en styrke i arbeidet å ha kontakt med WILPF-avdelinger i land i sør som er engasjert i 1325 arbeid.

Vi vil derfor foreslå for organisasjonen at vi styrker samarbeidet med WILPF sentral, og med deres representant i NGO Working Group (NGOWG) i New York som arbeidet mot Sikkerhetsrådet, og med andre nasjonale WILPF-avdelinger.

Vi foreslår også at arbeidet med å undersøke muligheter for et tettere samarbeid med WILPF-avdelinger i sør starter i løpet av året 2021. Vi ser det som nyttig at 1325 som arbeidsfelt blir tatt opp på det nordiske møtet i Gøteborg i oktober 2021.

Colombiaforum

I 2020 vart IKFF med i Colombiaforum. Britt Schumann representerer IKFF her. Ho deltok m.a. på konferansen ‘Fire år etter fredsavtalen- hvorfor fortsetter konflikten?’

Asylpolitisk Forum

I oktober 2020 vart IKFF som organisasjon med i Asylpolitisk Forum. I inneverande år har Gunhild Andersen, Berit Aasen og Audgunn Oltedal deltatt i arbeidet i Asylpolitisk Forum. Følgjande rapport er sendt IKFF sentralt:

Deltagelse i Asylpolitisk Forum 2020/2021

Audgunn Oltedal, Gunhild Andersen og Berit Aasen

Oslo 5. februar 2021

IKFF som organisasjon ble med i Asylpolitisk Forum i oktober 2020. Asylpolitisk Forum er et forum for organisasjoner som arbeider med asylrett og asylbehandling. Det er en møteplass som organiserer årlig konferanse, noe de har gjort de siste 10 årene. Flyktninggruppa i IKFF foreslo for organisasjonens ledelse at vi skulle delta i forumet, det ble vedtatt og vi har vært aktive siden oktober 2020.

IKFF sto som med-organisator for (den digitale) Asylkonferansen 8. oktober 2020.

Kontaktpersonene fra IKFF har vært aktive i å planlegge, Yemanedagen, dagen for lengeværende ureturnerbare, 4. mars 2021. IKFF står som med- arrangør av dagen.

Vi har brukt IKFFs informasjonskanaler aktivt for å informere om både Asylpolitiskkonferansen og Yemanedagen.

I neste landsmøteperiode 2021/2022 er vi innstilt på at Gunhild Andersen og Berit Aasen fortsetter som IKFFs kontaktpersoner i Asylpolitisk Forum.

Yemanedagen 8.januar

Korleis gjenreiser vi humaniteten i asylpolitikken? Korleis betre situasjonen for papirlause og ureturnerbare? Dette dreier Yemanedagen seg om. Yemane Teferi har gitt dagen namn. Han flykta frå Eritrea i 1974, 17 år gamal og medlem i Den eritreiske frigjeringsfronten. I 1990 søkte han asyl i Sverige, men fekk avslag. Yemane Teferi kom til Noreg i 1998. Han døydde 58 år gamal på Bømlo asylmottak 8. januar 2016. Då hadde Yemane Teferi budd over 20 år i tilsaman 13 asylmottak. Gjennom asylpolitisk Forum har IKFF, m.a. saman med Antirasistisk senter, Rettferdighet i asylpolitikken (RIA), Mennesker i Limbo og Norges kristne råd, deltatt i arbeidet for å etablere Yemanedagen. Pgav koronaepidemien vart dei fleste tiltak ikkje gjennomført. IKFF vil fortsetje arbeidet med å gjere Yemanedagen til ein årviss dag for kampen for human flyktningpolitikk.

Nordisk IKFF-nettverk om flyktningpolitikk.

Det nordiske IKFF møtet 2-3 februar 2020 oppfordra Norden til å føre ein human flyktningpolitikk, og vedtok ei fråsegn som vart sendt til Nordisk Ministerråd, Nordisk råd og regjeringane i Norden.

Etter møtet i februar har IKFF avdelingane i Danmark, Finland, Sverige og Noreg etablert ei nordisk nettverksgruppe som skal arbeide for human flyktningpolitikk og trygg migrasjon. Det fyrste nettverksmøtet 12. oktober viste store forskjellar i flyktningpolitikken i dei

nordiske landa. IKFF i Noreg, ved gruppa vår, er sekretariat for den nordiske nettverksgruppa om flyktningpolitikk

Høyringsfråsegner

I 2020 har gruppa sendt inn to høyringsfråsegner.

- Kari Nes sendte høyringsfråsegn til Justis- og beredskapsdepartementet **Ang. Endringer i utlendingsforskriften – engangsløsning for utlendinger med mer enn 16 års oppholdstid i Norge** . Saksnr: 19/544. Trass i fleire purringar har ikkje regjeringa lagt fram forslag til korleis lovnaden i Granavollerklæringa skal innfriast.

-Berit Aasen har sendt høyringsfråsegn frå IKFF om Representantforslag 46 S (2020–2021) frå stortingsrepresentantane Nicholas Wilkinson, Kari Elisabeth Kaski, Lars Haltbrekken og Karin Andersen. Saka gjeld **‘helsehjelp til alle i Norge, også til papirløse migranter samt tilreisende EØS-borgere uten helsetrygdkort’**.

<https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Horing/Horingsprogram/?dateid=10004493> Saka kjem opp i Stortinget 8.mars.

Fråsegner

Gruppa har medverka til/laga fleire forslag til fråsegner som er vedtatt i Landsstyret og seinare omgjort til lesarinnlegg. Det gjeld krav om å ta i mot fleire flyktningar frå Morialeiren. At ISIL-flyktningar som er norske statsborgarar og som ynskjer det, må få returnere til Noreg. Også fråsegner/brev til regjeringa/lesarinnlegg som gjeld situasjonen for lengeverande ureturnerbare asylsøkarar.

På gruppas dagsorden

Mellom dei spørsmål som gruppa i 2020 har vore særleg opptatt av i feltet human flyktningpolitikk og trygg migrasjon, er:

1. Lette mulegheitene for trygg flukt og migrasjon (m.a gjeninnføre retten til å reise med fly)
2. Ta i mot fleire flyktningar, ivareta asylretten og retten til familiegjenforening
3. Meir vekt på relokalisering,- ta i mot dei som er i flyktningleirane og gje dei eit anstendig liv (Moria)
4. Meir ressursar til kvinner og jenter på flukt, fordi dei er ekstra utsette for vald og seksuelle overgrep.
5. Gje papirlause rett til opphald i landet, sikre papirlause retten til arbeid og helsetenester.
6. Flyktningar som har fått innvilga opphald, skal ikkje misse denne retten og bli sendt ut av landet.
7. Gjeninnføre ‘rimelighetsvilkåret’ ved retur til internflukt
8. Norske statsborgaraer som er i ISIL-leirar, og som ynskjer det, skal få kome attende til Noreg og få si straff i vårt rettssystem.

Politikkdokument

Grappa har arbeidd fram eit underlagsdokument for gruppas arbeid, med vekt på kvifor human flyktningpolitikk og trygg migrasjon er eit viktig felt for IKFF. Utdrag frå politikkdokumentet ligg ved.

Arbeidet i gruppa ‘Kvinner i krig, på flukt og som flyktninger’

Grappa vår vart oppretta i IKFF Oslo/Viken, og rapporterer til IKFF Oslo/Viken. Samstundes har gruppa fleire oppgåver som gjeld arbeidet i IKFF på landsplan. Vi representerer IKFF i fleire landsomfattande forum og rapporterer frå desse til IKFF sentralt. Vi er sekretariat for Nordisk IKFF-nettverk om flyktningpolitikk. I 2020 tok vi kontakt med IKFF-avdelingar i landet om arrangement på Yemanedagen 8.januar, og vi ynskjer å vidareutvikle kontakt og samarbeid med IKFF avdelingar om dei to felte gruppa arbeider med (1325 og human flyktningpolitikk og trygg migrasjon).

Oslo 080221

Kari Nes, Berit Aasen, Britt Schumann, Devi Pandey, Gunhild Andersen, Audgunn Oltedal.

Vedlegg til årsmelding for 2020 frå gruppa ‘Kvinner i krig, på flukt og som flyktninger’. Frå politikkdokument om *Kvifor skal IKFF arbeide med feltet human flyktningpolitikk og trygg migrasjon?*

I 1889 kom ‘Ned med våpnene’, - Bertha von Sussner’s kjente antikrigsroman. Den var med og skapte det sterke fredsengasjement som førte til at IKFF vart stifta i Haag i 1915, midt under fyrste verdskrig.

Arbeid for human flyktningpolitikk og trygg migrasjon er fredsarbeid.

Kvifor skal IKFF bry seg med flyktningkrisa?

IKFF-Norge ser arbeidet med human flyktningpolitikk og trygg migrasjon som nært knyttet til WILPFs arbeid med de-militarisering og fredsbygging. I namnet sitt har Kvinneligaen orda ‘fred og fridom’. Dei som skipa IKFF i 1915 var kvinner som kom frå strid, det var kvinner som stod på barrikadane for stemmerett for kvinner. Då dei kom saman i Haag i 1915, var det for å blande seg inn i det som skjedde i Europa i fyrste verdskrig. Dei tok initiativ, ville få dei stridande partane til å snakke saman, ville få slutt på krigen, dei ville skape fred og levelege forhold for folk. Krig øydelegg liv, krig jagar menneske på flukt. Arbeid for human flyktningpolitikk og trygg migrasjon er fredsarbeid.

Forankra i menneskerettane.

IKFFs arbeid med desse spørsmåla er forankra i FN’s verdserklæring om menneskerettane. Retten til å bryte opp og dra ut frå eige land er ein sentral menneskerett. Menneske reiser frå eige land fordi dei vert forfylgde og undertrykte, rømer frå krig, eller for å skaffe seg og sine eit betre liv. Retten til å migrere og retten til å flykte og søke asyl, er forankra i FN’s verdserklæring om menneskerettane, i § 13 om retten til å reise, og i §14 om retten til asyl. Flyktningekonvensjon av 1951 slår fast at flyktningar har rett til: ‘ikkje å bli sendt tilbake til eit land der dei fryktar tortur eller forfylgjing, flyktningar har rett religions- og bevegelsesfrihet, til arbeid og utdanning, og til reisedokument’. Ein global avtale om flyktningar vart vedtatt av FN’s generalforsamling i desember 2018. Noreg har slutta seg til FN’s migrasjonsplattform, og til FN’s bærekraftsmål, der nr.10 om ‘Mindre ulikhet’, har eit punkt 10.7 om å ‘legge til rette for migrasjon og mobilitet i ordnede, trygge, regelmessige og ansvarlege former, blant annet ved å gjennomføre en planmessig og godt forvaltet migrasjonspolitik’. Menneskerettane er i dag norsk lov (Menneskerettslova 1999). Praksis har vore at Noreg vektlegg inngåtte internasjonale avtalar og forpliktingar.

Berge flyktingar

IKFF har ein lang tradisjon for arbeid med flyktingar.

IKFF i Rogaland har deltatt i markering av Yemanedagen gjennom samarbeid med RiA, biskopen i Rogaland og Arne Viste. Vi har fått inn lesarinnlegg om situasjonen for lengeverande asylsøkarar, med vekt på kvinnenes situasjon. Våren 2020 leverte IKFF inn høyringsnotat om *Endringer i utlendingsforskriften – engangsløsning for utlendinger med mer enn 16 års oppholdstid i Norge. Saksnr: 19/544*

I mellomkrigsåra var medlemmer av IKFF Norge aktivt med i arbeidet for å hindre at jødar vart sendt til Hitlers konsentrasjonsleirar. Då drog IKFF-kvinner til Tsjekkoslovakia og henta 21 jødiske barn til Noreg. Då norske politifolk henta jødar for å sende dei til Tyskland i 1942, var IKFF -kvinner med og berga jødiske barn over til Sverige.

Etter andre verdskrig har verdskongressane i WILPF vedtatt råsegner som gjeld migrantar og flyktingar. Den siste verdskongressen, i Ghana 2018, vedtok ‘resolution on human migration’, som m.a. sa at *‘The mediterranean Sea is becoming a huge cemetery.....A new kind of war is unfolding before us, whose objective is the potential denial of the humanity of others and ourselves.As our fore-mothers did in 1915, we must identify and denounce the roots of this type of war and, above all,develop and disseminate a statement proposing alternative4s to the current state of affairs (2).*

Ei fråsegn frå WILPF sitt hovudkontor i Geneve (2020) vektla oppfylgjing av dei internasjonale avtalar landa har forplikta seg til å etterleve, og at det måtte bli råd å søke asyl i Europa og til å kome inn på lovleg vis. *‘Ensure safe ways to enter the European Union and legal means of immigration, for refugees and other migrants. Remove the inhumane migrant camps in Greece and along the so called Balkan route, and immediately put a stop to violence against migrants along the external borders of European Union but also within the Union. Divest the resource-draining militarised Frontex operation and place the funds in ensuring safe, dignified, and gender- and LGBTQ-sensitive migrant shelters within Europe. The pandemic shows that threats to human safety are global, not contained by militarized national borders’(3).*

Kva vektlegg IKFF i arbeid med human flyktningspolitikk og trygg migrasjon?

Krig, undertrykking, svolt, klimakrise, elendige leveforhold. Det er mange og ulike årsaker til migrasjon, til at menneske flyktar, og finn at dei ikkje lenger kan bli verande i det landet der dei vaks opp.

IKFF vil vektlegge å få fram og synleggjere at krig og konflikt er ei svært sentral årsak til at menneske flyktar. Vi vil vere med og lyssetje samanhengar mellom auka deltaking i krig og auke i talet på menneske som flyktar frå sine land.

Medan åra kring Sovjetunionens fall var prega av nedrustning, er vi no inne i år prega av kald-krig-tenking, av auka våpenproduksjon og opprustning, og ein forsvarspolitikkk der vekt på ord som avskrekking tykkjest meir sentralt enn ord som dialog.

Gjennom prioriteringar Noreg gjer i sin forsvarspolitikkk, m.a. gjennom deltaking i krigen i Libya i 2011, som var ein del av NATO's 'out of area' stratgi, har Noreg deltatt militært i krigar som har ført til at menneske flyktar frå sitt land.

Vi lever ikkje i ei tid prega av nedrustning. Meir enn før etterspør land våpen. Som stor våpenprodusent får vårt land store inntekter av auka våpensal, og sjølv om dei vert brukt i tråd med dei reglar som gjeld for våpensal, så fører meir våpenbruk til at fleire menneske blir ramma av krigens lidingar.

'Ned med våpnene',- nedrustning, ikkje opprustning, - vil føre til at talet på flyktingar går ned, og at færre menneske bryt opp frå det landet der dei er født og har vakse opp.

Handlingsrom

I flykting- og asylpolitikken har nasjonale regjeringar stort handlingsrom. Korleis brukar politikarane dette handlingsrommet? Blir det brukt med vekt på å imøtekomme tilbakemeldingar frå organ i FN og Europarådet? Frå vedtak i Stortinget i 2015 (asylforliket) og fram til budsjettforliket i Stortinget i desember 2020, har det skjedd ei omfattande innstramming av asyl -og flyktningspolitikken i Noreg. Når fagfolk kommenterer innstrammingsvedtaka, peikar dei ofte på at vedtatt politikkk enten er direkte i strid med menneskerettane, eller er på grensa til å vere det (1). Noreg har brukt å ta omsyn til den kritikk som kjem frå FN-komitear på dette feltet. Blir dette mindre vektlagt enn før?

I mange land, i vårt land og også elles i verda, blir det handlingsrommet styresmakter har, brukt til å stenge grenser og gjere flyktingar og migrantar til menneske som ikkje vedkjem oss.

Men dette er ikkje heile biletet. På same tid arbeider mange, - i politiske parti, fagforeningar, frivillige organisasjonar, kyrkjer og livssynsorganisasjonar, forskingsmiljø,- for å endre premisser og perspektiv i debatten, og få gehør for andre politiske krav enn dei som i dag dominerer politiske avgjerer og offentleg debatt. IKFF vil vere med og byggje alliansar for 'human flyktningpolitikk og trygg migrasjon', vi vil støtte krav til Storting og regjering, til Noregs røyst i FN og andre internasjonale organ som er med og målber ein slik politikk.

Ut frå vår ståstad og våre røter vil IKFF vektleggje å få fram årsaker til at menneske flyktar frå krig, undertrykking og forfylgjing, eller bryt opp frå naud og fattigdom for å skaffe seg og sine leveverdige kår.

Vi vil ta fram FN's perspektiv, slik m.a. FN's høgkommisær for flyktningar, Filippo Grandi gjorde i sin tale til Tryggingsrådet (080519), der han vektla at

«Dersom vi kan forebygge eller løse konfliktene, vil de fleste flyktningestrømmer forsvinne. Vi ser fremdeles at vi har veldig fragmenterte tilnærminger til å oppnå fred, og veldig utilstrekkelige tilnærminger til å bygge fred».